

Arkivnr: 2016/8719-2

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016

**Innspel til utvikling av den statlege idrettsanleggspolitikken frå Hordaland fylkeskommune**

Regjeringa sette ned eit strategiutval for idrett (Fjørtoftutvalet) den 28. januar 2015. Mandatet til utvalet har vore å identifisere utfordringar og utarbeide forslag til strategiar som kan løyse utfordringar på idrettsområdet. Utvalet leverte 8. juni 2016 sin første delrapport: «Statlig idrettspolitik inn i en ny tid».

Kulturdepartementet har på basis av rapporten bede om innspel til utvikling av den statlege idrettsanleggspolitikken. Hordaland fylkeskommune har fått utsett innspelfrist til 14. oktober.

Rapporten er eit godt, grundig og gjennomarbeida dokument som kjem med klåre tilrådingar til regjeringa sin politikk på idrettsfeltet.

Utvalet understrekar kor viktig det er med ein statleg overordna politikk for å betre behovsprøvinga og auke mangfaldet i bygginga av anlegg. For å få dette til er gode analysar og medverknad avgjerande både på lokalt og regionalt nivå. Gjennom utarbeiding av gode kommunedelplanar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv kan kommunane vurdere kva for anlegg det er behov for på kort og lang sikt for å stø opp under ønskja aktivitetsutvikling.

Ein norsk variant av organisasjonane Lokale- og Anlægfonden og Idrættens Analyseinstitut i Danmark ville vere nyttige verktøy for å få dette til, både med tanke på å dokumentasjon over utvikling over tid og stimuli til nytenking. Anleggsutvikling kunne i større grad bli styrt av endringar i aktivitetsmønstre i befolkninga.

Programsatsingsmidlane bør overførast til fylkeskommunane og kunne brukast til store og kostnadskrevjande anlegg, til dømes symjeanlegg, og til å stimulere til nytenking i høve til arkitektur og miljø.

Hordaland fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om at regjeringa tek eit meir samla og heilskapleg ansvar for å auka den fysiske aktiviteten i samfunnet, og om at regjeringa skal fremje eit lovforslag om 60 minuttar dagleg fysisk aktivitet i barne- ungdoms og vidaregåande skule.

For å styrke frivilligheita i idrettslagane bør det leggast til rette for enklare løysingar for søknad og rapportering på drifts- og prosjekt midlar for idrettslagane.

Innspel frå Hordaland fylkeskommune er utarbeida i samråd med andre fylkeskommunar i landet. Enkelte innspelspunkt er unike for Hordaland fylkeskommune.

**Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune meiner at Fjørtoftutvalet har ein rapport som svarer på aktuelle utfordringar og som kjem med gode strategiar til å løyse utfordringane på idrettsområdet.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i strategien i tråd med merknadene i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 29.09.2016

Regjeringa sette ned eit strategiutval for idrett (Fjørtoftutvalet) den 28. januar 2015. Mandatet til utvalet har vore å identifisere utfordringar og utarbeide forslag til strategiar som kan løyse utfordringar på idrettsområdet. Utvalet leverte den 8. juni 2016 sin første delrapport: «Statlig idrettspolitik inn i en ny tid».

Kulturdepartementet har på basis av denne rapporten bede om innspel til utvikling av den statlege idrettsanleggspolitikken. Hordaland fylkeskommune har fått utsett innspelfrist til 14. oktober.

Rapporten er eit godt, grundig og gjennomarbeida dokument som kjem med klåre tilrådingar til regjeringa sin politikk på idrettsfeltet.

Innspela frå Hordaland fylkeskommune er gitt kapittelvis.

### **3.1 Enerettsmodellen – en verdibasert garantist for norsk idrett**

Hordaland fylkeskommune støttar utvalet si tilråding om *bevaring og beskyttelse* av einerettsmodellen, og at det ikkje skal vert innført ei lisensordning for utanlandske spelselskap. Einerettsmodellen er med på å sikre ein føreseieleleg finansiering av norsk idrett. Samtidig bygger modellen på ein ansvarleg spelpolitikk. Einerettsmodellen vert støtta av 16 av dei største frivillige organisasjonane i Noreg. Dette er også i samsvar med Hordaland fylkeskommune sitt svar på høyring om utgreiing av konsekvensar ved ei mogeleg lisensordning for pengespel.

### **3.2 En anleggspolitikk som best mulig ivaretar behovene for organisert idrett, egenorganisert idrett, samt friluftsliv i hele landet**

Utvalet si tilråding er i tråd med fylkeskommunen sin regionale kulturplan 2015 - 25. Utvalet understrekar kor viktig det er med ein statleg overordna politikk for å betre behovsprøvinga og auke mangfaldet i bygginga av anlegg. For å få dette til er gode analysar og medverknad avgjerande både på lokalt og regionalt nivå. Strukturerte og planmessige behovsvurderingar bør i større grad enn i dag utgjere grunnlag for kommunane sine prioriteringar av spelemiddelsøknadar. I dag er det i mange kommunar ein praksis kor prioriteringslista er basert på ein «venteliste» kor søknadene rykker framover i køen og/eller at fullfinansierte anlegg blir prioritert utan ventetid. Ved gode lokale prosessar, der frivillige organisasjonar (idrettsråd, friluftslivorganisasjonar, barn/ungdom, eldre) blir involvert, vil dette bidra til at ventetida på spelemiddelfinansiering til dei anlegg det er mest behov for vil bli kortare.

Gjennom utarbeiding av gode kommunedelplanar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv kan kommunane vurdere kva for anlegg det er behov for på kort og lang sikt for å stø opp under ønska aktivitetsutvikling. Dei kommunale prioriteringane i då i stor grad følgast opp av fylkeskommunen gjennom tildeling av spelemidlar.

Ein viktig del av behovsvurderinga bør vere høve for sambruk mellom behov for skule/undervisning på dagtid, og behov som den organiserte idretten/lokalmiljøet har på kveldstid og i helger. Ulike finansieringsmodellar, til dømes samarbeid mellom kommune/fylke og idrett, bør vurderas. Dette kan bidra til at anlegg som vert bygd, tek vare på ulike brukargrupper sine behov og at det vert bygd anlegg som tek omsyn til forventa demografi. Fylkeskommunen støttar utvalet sin anbefaling om at det vert bygd gode anlegg, både for organisert og uorganisert aktivitet ved skular. Det må også sjåast særskilt på anleggstypar som fungerer som aktivitetsanlegg og møteplassar for jenter og personar med funksjonsnedsettingar.

Statlege statistikkdatabaser er ikkje samordna og kvalitetssikra, og behovsvurdering kan såleis skje på sviktande grunnlag. Kartlegging av uunytta anleggskapasitet er også heilt sentralt.

Ein norsk variant av organisasjonane Lokale- og Anlægsfonden og Idrættens Analyseinstitut i Danmark ville vere nyttige verktøy for å få dette til, både med tanke på å dokumentasjon over utvikling over tid og stimuli til nytenking. Anleggsutvikling kunne i større grad bli styrt av endringar i aktivitetsmønstre i befolkninga.

Fylkeskommunane som regionalt ledd bør i større grad ta ein aktiv rolle for å arbeide for at det realiseras fleire regionale/interkommunale anlegg. Denne typen anlegg bør frå fylkeskommunen sin side prioriteras høgt. Dette gjeld anlegg som fyller Kulturdepartementet sitt krav om interkommunale anlegg, men også anlegg som tydeleg dekkjer regionale behov utan at det nødvendigvis føreligg samarbeidsavtalar mellom kommunar.

Programsatsingsmidlane bør overførast til fylkeskommunane og kunne brukast til store og kostnadskrevjande anlegg, til dømes symjeanlegg, og til å stimulere til nytenking i høve til arkitektur og miljø.

Utvalet si tilrådinga om nytenking på anleggsområdet vert støtta. Attraktive og innovative anlegg som stimulerer til ulike former for fysisk aktivitet kan vere med på å aktivisere ein større del av befolkninga. Dette gjeld både anlegg for eigenorganisert aktivitet, men og anlegg for den organiserte idretten. Til dømes gjer klima endringar og omsyn til tryggleik det nødvendig å tenke nytt rundt snøproduksjon og satsing på rulleskianlegg. Hordaland fylkeskommune støttar Noregs idrettsforbund sitt mål om å integrere fleire innvandrarakter i idretten. Det kan vere behov for nye anleggstypar som imøtegår betre deira behov og ønskjer.

Dagens modell der spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet vert forvalta av kommune og fylkeskommune er viktig å vidareføre. Det offentlege, i samhandling med frivillige organisasjonar, har godt grunnlag for å samle interesser og behov frå dei mindre idrettane og organisasjonane og sjå desse i eit heilskapleg perspektiv saman med behova hjå større organisasjonar. Dette er ein god modell for å sikre eit mangfald av aktivitetstilbod og gjere gode og riktige behovsvurderingar og prioriteringar. Forvaltningsledda bør samle og ivareta interesser frå den organiserte idretten, friluftsliv og andre organisasjonar/grupper som arbeider med tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Hordaland fylkeskommune støtter utvalet sitt forslag om å styrke ordninga med momskompensasjon for idrettslag.

### **3.3 Inkludering av grupper med lav deltaking i idretten**

Hordaland fylkeskommune støttar tilrådingane i rapporten.

Rapporten peikar på samarbeid mellom idrettslag, kommunar og NAV. I Hordaland har idrettslag erfart at det aller viktigaste er samarbeidstriangelet idrett, skule og heim som ein grunnleggjande modell for inkludering. Når det gjeld jenter og yngre barn er det viktig å få kontakt med mødrene for å oppnå tillit gjennom samarbeid med nærskulen. Mødre er ein viktig rekrutteringsgruppe til styremedlemmar i lokale idrettslag. I tillegg til å ha fokus på jenter sin deltaking, er det avgjerande å hindre fråfall blant gutar i ungdomsalder ved å arbeide systematisk og strategisk. Informasjon på ulike språk, munnleg og skriftleg, om t.d. plikter og rettigheter er heilt sentralt. Kontingentmangel og utstyr kan bør dekkast inn med lokale ordningar som ikkje blir stigmatiserande. Det føreset god kontakt mellom ulike frivillige aktørar og kommune, dvs. skule, helsesøster, NAV, kultur, idrett. Kommunane må ta eit koordineringsansvar. Fleire kommunar og organisasjonar i Hordaland har god erfaring med å etablere utstyrssentralar. Utstyr som er innkjøpt på prosjektmidlar, kan dei låne ut gratis. Ulike lågterskeltiltak gir variasjon i fysisk aktivitet, idretts glede og rekruttering. Det er viktig å ha føreseielege økonomiske bidra for dei idrettslaga som ønskjer å gjere ein ekstra innsats for å inkludere flyktningar og asylsøkarar.

For å styrke frivilligheiten i idrettslaga bør det tilretteleggjast for enklare løysingar for søknad og rapportering på drifts- og prosjekt midlar for idrettslaga. Det er særstid- og ressurskrevjande å sende søknader, lage rapportar basert på frivilligheit.

### **3.4 «Stimulere av inaktive til økt aktivitet»**

Hordaland fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om at regjeringa tek eit meir samla og heilskapleg ansvar for å auka den fysiske aktiviteten i samfunnet, og om at regjeringa skal fremje eit lovforslag om 60 minuttar dagleg fysisk aktivitet i barne- ungdoms og vidaregåande skule.

### **3.5 Gode aktivitetstilbud for personer med nedsatt funksjonsevne**

Hordaland fylkeskommune støttar forslaga i rapporten, og minner om at universell utforming av anlegg for idrett og fysisk aktivitet er eit viktig punkt i spelemiddel føresegnene. Dette må så langt det er høve følgjast opp av anleggseigare, både ved utbygging av nye anlegg og rehabilitering av gamle. Godt tilrettelagte anlegg og områder for idrett og fysisk aktivitet er viktige bidrag for at personar med nedsett funksjonsevne aktivt kan delta på ulike arenaer. Lett tilgjengeleg bør også ein utstyrssentral med tilrettelagt utstyr vere. Rammevilkår for at det skal vere mogleg for personar med nedsett funksjonsevne bør styrkast.

### **3.7 En etisk og faglig fundert toppidrett**

Hordaland fylkeskommune støttar forslaga.

### **3.8 Idrett og utdanning**

Hordaland fylkeskommune støtter forslaga, og presiserer at det bør utarbeidas retningsliner slik at alle utdanningsinstitusjonar praktiserer dette likt. Det bør også setjast kriteriar frå Olympiatoppen saman med særforbund kva for krav/resultat som må vere oppnådd for å gå under kategori toppidrettsutøvar.

### **3.9 Store internasjonale mesterskap**

Utvalet sine krav vert støtta.